

Sak 30-21 Tema 7. Teknologi.

I dag kan teknologien registrere tal tømningar og ein kan registrere leverte mengder med vekt på bilane om ein ynskjer. Data kan deretter vere tilgjengeleg i styringssystemet i VØR, med forseinking 3- 5 minutt etter henting, alt etter mobildekning der ein arbeidar. Ikkje enno, men i løpet av få år trur ein at dette så er tilgjengeleg på «Min eigedom», slik at abonnenten kan sjå når behaldar er tømt, eller få ei avviksforklaring på kvifor det ikkje var tømt.

Teknologisk er altså ordningane på plass. Ulempa er knytt til det faktum at dei er kostbare i drift og i vedlikehald. Vektene tek ikkje høgde for våt eller frosen snø i eller opp på behaldar, eller regnvatn i behaldar fordi loket har blåst opp kvelden før. I Ulstein førte dette til mykje administrativt tidsbruk, uro og påstandar om feil vekter.

I Sverige er vektbaserte system meir vanleg i bruk ifølgje leverandørane av slikt utstyr. I Noreg er det meir vanleg med system som registrera tømningar utover minste tal tømningar som du betalar for. Minste tal tømningar er 12 pr år, dvs. ein pr måned, slik vi alt har på rest- og papir-avfall. Vi har ingenting å hente på slik ordning.

Føresetnaden har vore at ein har Rfid merka kvar einskild behaldar med klart definert adresse. For VØR sin del inneber noko slikt at alle våre om lag 30.000 behaldarar må merkast med elektronisk brikke.

Kvifor er vektbaserte ordningar i innsamling lite i bruk?

Vekt er utfordrande. SSR innførte vekt på bilane i 2007, men gjekk etter kvart bort frå det. Dei opplevde vekst i villdumping, fleire utnyttta næringslivet sine containerar, restavfallet vart minimert ved å kaste det i papirbeholdar i tillegg av «nabohjelp». Med «nabohjelp» meinast situasjonar der nabo er bortreiste av ulike grunnar, så nyttar dei andre i gata behaldarane, for å spare seg avgift.

Kortversjonen er at folkekravet om meir rettferdig differensiering endra seg til eit folkekrav om å oppheve det. Og slik vart det. I administrasjonen til SSR er det i dag tydelege stemmer på at dette ikkje kan tilråast.

Ei slik innføring vil og gi ein varig gebyrauke. Drift av vektsystema er relativt kostbart får vi opplyst av påbygg leverandør NTM, då særskilt resultatet av bruk av «bankefunksjonen» ved tømning av behaldarar.

Der abonnenten har pressa maksimalt med avfall i behaldar, vil ikkje avfallet falle lett ut. Då må det gjerne få hjelp av ein «banking », men slik banking øydelegg vektutstyret. Avfall som ikkje naturleg fell ut av behaldar når han står opp ned i tømmezyklus, vil då verte abonnent sitt ansvar å bringe fram til avfallsanlegg som konsekvens. Renovasjonsbilen vil ha elektronisk registrert at han var på staden, og skal såleis ha kredit for frammøte.

Kortversjonen er at vi får vektbaserte løysingar idag. Det er likevel viktig å presisere at teknologien ikkje står i vegen for ei slik løysing i 2021, og «Alternativ 2. modellen» er førebudd for det. Dersom ein over tid kjøper bilar som er førebudde for vektregistrering, sparer ein seg mykje ved ettermontering på eit seinare tidspunkt.

Petter Bjørdal